

Til:
 Majo Egedom AS,
 v/Magnus Helgesen,
 Lindåsvegen 154,
 5916 ISDALSTØ.
magnus.helgesen@boligpartner.no

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
11. 09. 2014	
Ark. saknr. 14/2474	Løpnr.:
Byggesak	Tilleggsaknr.

Kopi:
Lindås kommune
Byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Nesse den 09.09.2014.

Merknad til søknad om dispensasjon frå pbl § 29-4 andre ledd for gnr. 177 bnr. 6 og 21.

Eigar av gnr. 177 bnr. 32, Berit Nesse, har i merknad til søknad om dispensasjon for bruk nr. 21 samt klage på dispensasjon og løyve til tiltak for bruk nr. 21 kome med følgjande merknader til vegen: (Desse merknadane opprettheld eg).

- 1: Det er bygd veg fram til bruk nr 21 frå avkjørsla til bruk nr. 6. Vegen vart i si tid laga av dåverande eigar av bruk nr 21 for å få veg til tomten.
- 2: Den prosjekterte vegen går over dyrka mark. Det er uheldig med nedbygging av dyrkamark.
- 3: Rundt min tomt er det alt fleire vegar. Den prosjekterte vegen vil gjera at det går veg rundt så og sei alle sidene på min tomt. Dette vil påføra min eigedom forringing av verdi og unødige forringing av kvaliteten på eigedomen.

Vidare vil eg nemna at det ikkje har vorte framlagt noko dokumentasjon på kvifor den prosjekterte vegen må lagast. Det heile verkar ulogisk på meg så lenge det er bygd veg fram til tomten frå utkjørsla til bruk nr. 6. I samband med byggjesøknaden for bruk nr. 21 sa utbyggjar til meg at han ikkje ville nytta den prosjekterte vegen til tomten og det var heller ikkje sikkert at han kom til å laga den. Med andre ord vil han nytta eksisterande veg fram til tomten. Situasjonsplanen viser òg at biloppstillingsplassen på bruk nr. 21 er på sørlege del av tomten. Den prosjekterte vegen kjem opp på nordsida av tomten. Den

eksisterande vegen kjem òg opp til tomten på same side som den prosjekterte biloppstillingsplassen. Då er det logisk å nytta eksisterande veg til eigedomen. Difor verkar søknaden om vegen lite gjennomtenkt for min del.

Om lag halvparten av den prosjekterte vegen går over dyrka mark. Det er heilt unødvendig nedbygging av dyrka mark å laga ein ny veg til ein tomt som alt har ein veg! Dessutan er det klart i strid med Lov om jord (jordlova) samt at eigentlig skal alle tiltak etter pbl. §1-6 vera i samsvar med planføremålet.

Oppsummert ønskjer eg ikkje at den prosjekterte vegen vert laga i det , det er mykje større argument for at vegen som ligg framtil bruk nr 21. vert nytta. Eg samtykkjer ikkje til tiltaket.

Med vennleg helsing.



Berit Nesse.